

REGLEMENT FOR PETROLEUMSRÅDET

Fastsett av Fylkestinget i sak nr 12/05.

§ 1 - Heimel

Petroleumsrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova § 10.

§ 2 - Val og samansetnad

Fylkestinget vel medlemene til utvalet.

Petroleumsrådet skal ha fem medlemmer og vere samansett slik:

- Fylkesordføraren
- Ein medlem frå Hovudutval for plan og næring
- Ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren
- To fagpersonar som har god kunnskap om næringa

Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. Fylkestinget vel nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

§ 3 - Mandat

Petroleumsrådet skal ha følgjande mandat:

Arbeide for å styrke industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og ha særleg fokus på:

- Feltutbyggingar
- Ilandføring
- Industriell utnytting av gass på land
- Florø som drifts- og baseby
- Konesjonsrundar
- Arbeide for å styrke Sogn og Fjordane som serviceleverandør til oljeindustrien i norsk og engelsk sektor
- Utvikling av miljøsikker, landbasert attvinning av petroleumsinstallasjonar ¹

Petroleumsrådet skal representere fylket i høve kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.

§ 4 - Sekretariat m.v.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i Petroleumsrådet, jfr kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

Fylkesrådmannen har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utført på ein tilfredsstillande måte.

For utvalet gjeld elles Reglement for sakshandsaming i politiske utval.

¹ Nytt punkt i FT-sak 40/14